

Fra: Marte Hagen Eriksrud (Marte.Eriksrud@hfk.no)

Sendt: 28.04.2017 10:39:51

Til: 'Asbjørn Moe'

Kopi:

Emne: Adresseliste høyringar HFK

Vedlegg: image001.png;image002.png

Hei,

Takkar for innspel til Regional transportplan Hordaland (RTP) 2018-2029. Til orientering så vert den politiske saka offentleg onsdag 3. mai.

I innspelet ber dykk om ei stadfesting av at Fikse Næringsutvikling kan stå fast på HFK sine adresselister for høyringar. Med unntak av Bergen Næringsråd, står ikkje næringsråd/næringsforeiningar på høyringslista til RTP. Næringslivet er likevel representert gjennom NHO og noen sentrale næringsorganisasjonar. Vi vil likevel vurdere ved komande høyringar om lokale næringsråd/foreiningar bør inkluderast på høyringslista. I tillegg er det viktig å peike på at alle regionale planar er til offentleg ettersyn, slik at alle har høve til å avgje uttale til planen, uavhengig av om ein står på høyringslista eller ikkje.

I tillegg vert det stilt spørsmål ved samansetninga av det regionale partnerskapet for NTP-arbeidet i Hordaland. Ytterlegare deltaking av andre, i eit eventuelt regionalt partnerskap for NTP –arbeidet i Hordaland, som t.d. næringsalliansen, må ein kome attende til i neste rullering av NTP (NTP 2022-2033).

Venleg helsing

Marte Hagen Eriksrud

Spesialrådgjevar

Samferdselsavdelinga | Transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 90 75 | Mob: 92 25 52 57

www.hordaland.no

Fra: Asbjørn Moe [mailto:AsbjornMoe@etnevindafjord.no]

Sendt: 3. april 2017 14:40

Til: Marte Hagen Eriksrud <Marte.Eriksrud@hfk.no>

Kopi: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak <HFK@hfk.no>; Asbjørn Moe <AsbjornMoe@etnevindafjord.no>

Emne: Adresseliste høyringar HFK

Viser til utlysing av høyring for RTP Hordaland 2018 – 2029

Fikse Næringsutvikling er ein næringsforening som representerer næringslivet i Etne kommune. Me ber med dette om å stå fast på HFK sine adresselister for høyringar og informasjon der det er naturleg at næringsorganisasjonar i Hordaland mottar.

Ber om stadfesting på dette.

mvh

Asbjørn Moe

Fikse Næringsutvikling SA

Etne og Vindafjord

Tlf 97771755

Mob 91628338

www.etnevindafjord.no

post@etnevindafjord.no

Facebook.com/EtneVindafjord





- av og for næringslivet